

## Referat frå SU-møte tysdag den 16. januar 2024 på Knappskog skule

Tid: Klokka 18-20

Stad: Møterom på skulen

Frammøtte:

Kristin Brennhaug, ny politisk representant frå Krf.

Sarah Rigstad, FAU-leiar

Are Gaasland, FAU-representant

Linnea MS, elevrådsleiar

Linnea F, sekretær i elevrådet

Katrine Abelsen, SFO-leiar

Lisa Skutle, teamleiar småtrinn

Inga Grøm, teamleiar mellomtrinn

Solfrid Kleiven, rektor

Meldt fråvær: Andreas Ormevik, ny vararepresentant frå MDG

### **Sak 1/ 24: Helse ny politisk representant velkomen til skulen sitt samarbeidsutval!**

Vi hadde ein presentasjonsrunde så vi kunne bli litt betre kjend med namn og kva ulike roller den einskilde har i samarbeidsutvalet. Deretter viste elevrådsrepresentantane ein presentasjon med bilete og tekst, og dei fortalte kva som er fint med Knappskog skule. Dei svara på spørsmål etter presentasjonen.

### **Sak 2/ 24: Kringsgrense, politisk sak**

Rektor informerte om at det vil kome opp ei sak til politisk handsaming som gjeld justering av skulekringsgrensa mellom Kolltveit og Knappskog. Forslaget er at dei som bur på Blommen-feltet vil høyre til Kolltveit skule som ligg nærmare enn Knappskog. Endringa vil gjelde frå nytt skuleår om det blir endeleg vedtatt i kommunestyret den 22.02.24.

Forslaget lyder slik:

- 1. Frå og med skuleåret 2024/2025 ligg Blommenfeltet i Kolltveit skule sin skulekrins. Elevar som bur her, og som skal byrje i 1. klasse skriv seg inn på Kolltveit skule.*
- 2. Elevar som bur i Blommenfeltet, og som allereie har byrja på Knappskog skule, beheld skuleplassen sin der. Dei kan søke om skulebyte til Kolltveit skule, og får dette innvilga om dei vel å søke.*

Knappskog skule har vore med i prosessen og vi har levert innspel til forslaget. Det har vore ein del problem med transport av elevar frå Blommen, der dei ofte kjem for seint på skulen. Det er dyrt å betale transport når elevane heller kunne gått til skulen. For Knappskog vil det bety at vi kanskje berre får ei gruppe på 1. trinn til hausten. Dette vil sikre at vi fortsatt har plass til innføringsklassene.

### **Sak 3/ 24: Situasjon innføringsklassar (IFK) og hospitering**

Det har vore ei stor auke i tal elevar til innføringsklassane våre. Vi har fått ein ekstra lærarressurs for å kunne gje elevane eit godt tilbod og kunne dele den største elevgruppa i to. Elevane må tidlegare enn før hospitere på sin nærskule for å avhjelpe situasjonen og for at dei skal bli kjent med elever på eigen alder som bur i nærleiken av der dei bur. Det er i hovudsak elevar frå Ukraina vi har i IFK på

skulen no, med få unntak. Elevane hospiterer og i klassar på skulen hos oss. Det har vore utfordringar med transporten av desse elevane, så vi har sett på ulike løysingar. Aller helst skulle vi ønskt at dei yngste elevane hadde fått plass på SFO etter skuletid for så å bli køyrd heim. Dei treng å få øva på språket i lag med norske born og det hadde vore tryggare for dei føresette å vite at borna er på ein trygg stad i staden for at dei må tenkje på borna som må vere lenge åleine heime. Dette er ei samfunnsmessig viktig sak for å få til ei så god integrering som mogeleg for desse elevane og familiane deira.

FAU har bidrege til å inkludere elevar frå IFK med familiar i 17. mai-feiringa ved skulen. I fjor fekk vi laga ei eigen fane til IFK og vi løna ein tospråkleg lærar som deltok nokre timar på 17. mai for å hjelpe familiane som kom. FAU ordna med gratis bongar som familiane fekk utdelt slik at borna kunne delta på ulike aktivitetar og kjøpe seg litt mat. Dette blei sett stor pris på.

#### **Sak 4/ 24: Foreldreundersøkinga 2023**

Skulen gjennomførte foreldreundersøkinga for andre gong i desember. FAU hadde lova premie til det klassetrinnet med høgast svarprosent. Rektor informerte om at det var 1. trinn som vann denne konkurransen med 58,3 i svarprosent. 3. trinn låg like bak med 57,4 i svarprosent og 6. trinn med 56,9 i svarprosent. Vinnar-trinnet får ulike spel og aktivitetar frå FAU.

Resultatet frå brukarundersøkinga viser at dei føresette, i år som i fjor, er svært nøgde med skulen sin SFO. Dei svarar og at dei blir tekne imot på ein god måte når dei kontaktar skulen og at kommunikasjonen mellom heim og skule er god. Resultata er nyttige for oss på skulen, for vi får ein peikepinn på kva områder vi må gjere ein ekstra innsats. Dette gjeld m.a. at føresette treng meir rettleiing av skulen korleis dei kan hjelpe borna med skulearbeidet. Dei føresette opplever ikkje at dei får invitasjon til foreldremøte, dette er eit resultat vi undrar oss over, for alle klassar har to foreldremøte i året. Kan det handla om at berre eit foreldremøte er gjennomført før undersøkinga, eller at ikkje begge føresette les invitasjonane i Transponder? Vi må uansett vere tydelegare i det vi informerer ut om foreldremøte. Vi må og kommunisere betre ut korleis vi handterer mobbing på skulen. Sjølv om vi informerer om dette på foreldremøtet om hausten må det repeterast og snakkast om i ulike fora gjennom heile skuleåret. Når det kjem til motivasjon svarer dei føresette at borna er interesserte i å lære på skulen, men svarer samstundes langt lågare på at borna liker skulearbeidet. Her er fleire svar som kan vere interessante å diskutere.

#### **Sak 5/ 24: Digg Læring-konferansen 9. februar 2024**

Rektor informerte om at dei tilsette på skulen gler seg til å arrangere konferanse med tema «Inkludering og god bruk av digitale verktøy» på planleggingsdagen den 9. februar. Det er venta over 400 deltakarar frå Øygarden og andre kommunar på heile Vestlandet.

Vi skal ha førstehjelpskurs for heile personalet den 23. januar, og då vil vi og få opplæring i bruk av den nye hjartestartaren vi har fått på skulen. Så håper vi at vi slepp å måtte bruke den, men det er uansett godt å vite at vi kan om vi skulle få bruk for det når vi har så mange folk på besøk og elles i skulekvardagen med mange born og vaksne samla på ein stad.

Vi inviterer dei to politiske representantane i SU og to frå FAU til å bli med på konferansen. Ordførar, kommunedirektør, kommunalsjef og skulesjef deltar og i lag med representantar frå levekårsutvalet (LKU) i kommunen.

## **Sak 6/ 24: Eventuelt**

Elevrådsrepresentantane etterlyste fruktordning på skulen, dette vil bli diskutert i FAU.

Politisk representant spurte om skulen/ FAU involverer nærmiljøet i arbeidet sitt. Kanskje dette kunne vore gjort i samband med julelystenninga, 17. mai eller berre å ha open skule i ei eller anna anledning? Vi snakka om at vi kanskje burde hatt ein tettare dialog med dei ulike velforeiningane i området; Morland og Morlandstø, Grottvika og Spjeld grendelag.

Referent: Solfrid Kleiven, rektor